



Arkivnr: 2014/15688-85  
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

## Mål for beredkapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

I rapporten etter Fylkesmannens gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap vart mellom anna følgjande tilråding gitt:

*«a) Det er eit uttalt behov for tydelegare målforståing knytt til risiko, operasjonalisering og prioritering av tiltak. Ei mogeleg løysing kan vere å definere ein visjon for HFks samfunnstryggleiks- og beredkapsarbeid som kan brytast ned i nokre overordna mål. ...»*

Fylkesrådmannen gav følgjande tilsvar til denne tilrådinga:

*«..., vil fylkesrådmannen i samband med årleg revisjon av overordna planverk utarbeide visjon og mål for beredkapsarbeidet. Årleg revisjon skal til politisk behandling i mars 2016.»*

Fylkeskommunen har gjennom fleire år jobba med visjon og mål for verksemda. Visjonen til Hordaland fylkeskommune er «Nyskapande og attraktiv». Denne gjeld for alle delar av verksemda, og fylkesrådmannen vurderer det derfor ikkje tenleg å utarbeide ein eigen visjon for beredkapsarbeidet.

For å oppnå «ei tydelegare målforståing knytt til risiko, operasjonalisering og prioritering av tiltak», ynskjer fylkesrådmannen å spisse målformuleringa for beredkapsarbeidet, og legg med dette fram forslag til målformulering for beredkapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune:

*Beredkapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune skal bidra til å sikre liv og helse, ytre miljø, økonomiske verdiar og tenesteproduksjon knytt til fylkeskommunen si verksemd.*

### Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek følgjande mål for beredkapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune:

Beredkapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune skal bidra til å sikre liv og helse, ytre miljø, økonomiske verdiar og tenesteproduksjon knytt til fylkeskommunen si verksemd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon


*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.05.2016

Hordaland fylkeskommune har gjennom lengre tid jobba med å få på plass ein struktur i strategiarbeidet. Ein har no vedtatt følgjande samfunnsoppdrag: *Vi utviklar Hordaland*. Visjonen for heile verksemda er: *Nyskapande og attraktiv*.

Strukturen er som følgjer:

### Strategi – struktur



Det er, slik fylkesrådmannen vurderer det, ikkje tenleg for verksemda å ha ulike visjonar for ulike fagområde.

Derfor ynskjer ikkje fylkesrådmannen å formulere ein eigen visjon for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune, men heller styrke og presisere målformuleringa knytt til dette.

For å oppnå «*ei tydelegare målforståing knytt til risiko, operasjonalisering og prioritering av tiltak*», ynskjer fylkesrådmannen å spisse målformuleringa for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune og legg med dette fram forslag til målformulering:

*Beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune skal bidra til å sikre liv og helse, ytre miljø, økonomiske verdier og tenesteproduksjon knytt til fylkeskommunen si verksemd.*

Målformuleringa må sjåast i samanheng med premissa for overordna ROS-analyse som fylkesrådmannen no legg fram til politisk behandling.

Målformuleringa vil innarbeidast i overordna beredskapsplan, slik at denne blir gjort kjent i heile organisasjonen.